

ÅRSRAPPORT FOR ARBEDET PÅ NESET 2014 – FLÅM SKULE

Arbeidet til Flåm skule på Neset starta i hovudsak med dugnadsarbeid våren 2014. Her var elevane i hovudsak med på å plukka stein og jamna ut jorda som skulle såast.

På planleggingsdagane i juni avgjorde me at 5.-7.- steg skulle ha noko av undervisninga i form av uteskule. Undervisninga skulle forgå på Neset. Dette starta me opp med då skulen starta att i august 2014.

Elevane fekk undervisning på Neset fast kvar onsdag formiddag, samt nokre måndagar og torsdagar. Onsdagar fekk halve gruppa "mat og helse". Her laga dei mat ute på bål. Den andre gruppa fekk undervisning i matematikk, naturfag, samfunnsfag og fysisk fostring.

I matematikk arbeidde elevane praktisk med temaet måling. Dei arbeida omgrep som omkrins, flate, areal og volum. Arbeidet var i hovudsak i grupper. I naturfag arbeida elevane med botanikk. Dei lærte om oppbygginga til blomar, raudlister og svartlister. I tillegg laga elevane eit herbarium. Blomane fann dei mellom anna på Neset.

I samfunnsfag såg elevane på kulturminer. Dei vart kjende med Neset og fekk sjå både dynamittlageret, bunkersane og skyttargrava. Dei fekk høyre om historia om skipet som sank under krigen. Me var og på Flåmsbanemuseumet. Der såg me spesielt på endringane i lokalsamfunnet over dei siste 70 åra.

Etter haustferien var me einige om å ta eit lite opphald frå undervisningsopplegget på Neset. Dette opphaldet vart sjølvstøtt lengre enn forventet grunna flaumen 28. oktober 2014. Etter flaumen har det lenge vore uvisst når Flåm skule kan komma tilbake til Flåm. Det siste tydar på at undervisning ved Flåm skule først kan starte oppatt i august 2015. På grunnlaga av dette har me avgjort å vente med vidare uteskule på Neset til august 2015.

For våren 2015 hadde me planlagt rydding av sti til bunkersane og rydding av skyttargrav. Me starta og med planlegginga av eit større prosjekt i samband med 70-års jubileum av krigsslutten. Dette arbeidet antek me at me kjem til å starte opp i august 2015. I tillegg kjem me til å forsette med mat og helse, og praktisk matematikk og naturfag.